



DET KONGELEGE
SAMFERDSSELSDEPARTEMENT

Avinor AS
Postboks 150
2061 GARDERMOEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/1872-

23. august 2021

Ny lufthamn ved Mo i Rana – oppdrag til Avinor

Med utgangspunkt i Prop. 193 S (2020–2021) og Innst. 648 S (2020-2021) ber Samferdselsdepartementet med dette Avinor AS (Avinor) om å byggje ei ny lufthamn ved Mo i Rana.

Stortinget har vedteke at Samferdselsdepartementet kan starte opp prosjektet i 2021 med ei kostnadsramme (P85) på 3,320 mrd. kroner. Styringsramma/forventa prosjektkostnad (P50) er 2,8 mrd. kroner. Kostnadsramma og styringsramma vil bli justert med den alminnelege prisstiginga i prosjektperioden.

Prosjektet skal finansierast med eit lokalt bidrag på 600 mill. kroner. Resten skal finansierast med statlege midlar. Det statlege bidraget er rekna til 2,2 mrd. kroner ved forventa prosjektkostnad (P50) og 2,7 mrd. kroner med kostnad tilsvarande kostnadsramma (P85). Dette inneber at Samferdselsdepartementet ber risikoen for uventa kostnadsauke i byggjefasen av prosjektet opp til kostnadsramma (P85), medan Avinor ber risikoen ut over dette.

Styringsramma og kostnadsramma tek utgangspunkt i Avinors oppdaterte forprosjekt og ekstern kvalitetssikring (KS2), der det mellom anna er lagt til grunn ei rullebanelengde på 2 200 meter og ein oppstillingsplass for kode D/E fly. Stortinget la ved si behandling til grunn at det skal anleggjast ein flyplass med ytingar og rullebanelengde som varetek dei langsiktige behova for regionen.

Samferdselsdepartementet viser til Stortinget sine vedtak og føringar. Vi viser og til Rana kommune og næringslivet, som økonomiske bidragsytarar til bygginga av flyplassen, sitt klare ønske om å bygge ei rullebane på 2 400 meter. Vi ber med dette om at Avinor greier ut

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Avdeling for styring
administrasjon og
samfunnstryggleik

Saksbehandlar
Per Kolstad
22 24 82 90

ei rullebanelengde på 2 400 meter, som legg til rette for kode E-fly og ivaretar dei langsiktige behova for regionen, og så raskt som mogeleg avklarar om dette er i tråd med flyoperative forhold. Det må og greiast ut om ei lengde på 2 400 meter lar seg gjennomføre innafør kostnads- og styringsramma, eventuelt kombinert med tiltak som kan ta ned kostnadene i prosjektet. Vi ber Avinor kome attende til Samferdselsdepartementet med resultatet av denne utgreiinga raskast mogleg.

Det lokale bidraget skal finansiere første del av bygginga av den nye lufthamna. Før bygginga kan ta til må det inngåast ein forpliktande avtale om 600 mill. kroner i lokal finansiering mellom Rana kommune, PLU og Avinor. Stortinget har lagt til grunn at det raskast mogleg blir laga ein gjennomføringsavtale med vilkår for finansieringa og gjennomføringa av prosjektet. Samferdselsdepartementet vil kome attende til Avinor med eit oppdrag om å utarbeide ein avtale om utbetaling av det lokale bidraget når resultatet frå utgreiingane om rullebanelengda ligg føre.

Stortinget vedtok elles å be regjeringa om leggje til grunn at den nye lufthamna skal opnast i 2025. Samferdselsdepartementet ber ut frå dette om at Avinor innrettar arbeidet slik at den nye lufthamna kan opnast i 2025.

Bygginga av den nye lufthamna kan ikkje ta til før finansieringa er godkjend av ESA. Dei to støttegjevarane, Rana kommune og Samferdselsdepartementet, er i dialog med ESA om saka.

Samferdselsdepartementet ber Avinor om å halde fram med planlegginga av den nye lufthamna. Stortinget har i den samanheng løyvt 85 mill. kroner til dekking av Avinors planleggingskostnader i 2021, jf. Prop. 195 S (2020–2021) og Innst. 600 S (2020-2021). Midlane vil bli rekna som ein del av det statlege bidraget til prosjektet, Vi ber om at Avinor ved utgangen av året sender over ein rekneskap som viser bruken av midlane i prosjektet. Samferdselsdepartementet tek sikte på å betale ut midlane i løpet av kort tid.

Departementet vil kome attende til rammene for utbetalinga av dei statlege midlane i byggjeperioden når det er inngått ein forpliktande avtale om det lokale bidraget.

Med helsing

Stine Ruud Eriksen (e.f.)
avdelingsdirektør

Per Kolstad
underdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi
Polarsirkelen Lufthavnutvikling AS
Rana kommune